



Saksutgreiing

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
	Formannskapet	02.10.2025

Høyring planprogram regional plan areal- og mobilitet Vestland - fråsegn Bømlo kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Bømlo kommune gjev følgjande høyringssvar til planprogram for regional plan for areal og mobilitet:

1. Formannskapet støttar hovudinnhaldet i planprogrammet og føremålet om å samle fleire gjeldande planar.
2. Planprosessen ser ut til å bli omfattande med svært ulike plantema som skal bli samla. Ein bør ha fokus på få konsise planverk, med gode strategiar som synar ønskja retning, framfor fyldige planverk.
3. Formannskapet støttar i hovudsak punkta som skildrar «Planarbeidet skal». Det bør i det endelege planverket kome tydeleg fram kva som skal vere – og forskjellane mellom– prinsipp, strategiar og retningslinjer. Slik det er omtala no, er det noko uklart kva forskjellane er.
4. Regionale føresegn må vere godt forankra og kommunisert
5. Det er skissert fleire vurderingar av ulike kunnskapsgrunnlag, gjeldande føresegn og retningslinjer og kartleggingar av til dels svært store tema. Formannskapet ønskjer at kommunane blir heldt orientert undervegs om kva som har blitt vurdert å gå vidare med, og ikkje, samt kva kartleggingar som blir ferdige undervegs.
6. Med tanke på at den ferdige planen skal nyttast både politisk og tverrfagleg, så kan det vere betre å utarbeide rettleiarar framfor mange retningslinjer. Rettleiarar kan vere meir anvendeleg i andre sektorar utover dei plantekniske. Rettleiarar kan lettare bli oppdaterte og treng ikkje nødvendigvis bli revidert i same prosess som ein regional plan.
7. Det er bra at beredskap skal blir meir sentralt plantema, særleg til dette knytt til klimaendringar. For kommunar som Bømlo er bruer, båt - og ferjesamband viktige å ha med i beredskapspolitikk.
8. Til 2.3.3.2 Natur og friluftsliv: når det gjeld kartlegging og verdisetting av friluftsliv har fleire kommunar gjort dette, gjerne med støtte frå fylkeskommunen. Dette arbeidet bør vere med i det vidare planarbeidet.
9. Til 2.3.3.3 Kystnære sjøareal, strandsone og vassforvaltning: dette er eit viktig tema for Bømlo kommune. Det er viktig at me blir med i evalueringsarbeidet av dei gjeldande planane.
10. Til kapittel 6 Framdriftsplan og milepålar: slike omfattande planverk må ha god lokalpolitisk forankring. I framdriftsplan synast det som at endeleg framlegg skal bli sendt ut juni 2026, med

høyring fram til september. Bømlo kommunestyre skal møte 21.09.26, så politiske dokument må i følge interne fristar vere stilt ferdig allereie kring veke 33, altså før skulestart. Det er i praksis ikkje tid til å forankre dette politisk på ein god måte om det blir slik. Formannskapet spelar inn at høyringsfrist bør tidlegast vera oktober 2026.

Samandrag av saka:

Denne saka gjeld politisk fråsegn til planprogram for ny regional plan for areal og mobilitet, i regi av Vestland fylkeskommune. Planarbeidet er meldt starta opp og skal etter plan og bygningslova ha eit planprogram, som blei sendt ut på høyring av fylkesutvalet i august.

Eit planprogram handlar om prosess og skal mellom anna gjere greie for føremålet med planarbeidet, viktigaste plantema, fristar, deltakarar/medverknad og behovet for utgreiingar.

Den nye regionale planen skal vere tverrsektoriell og skal erstatte fleire gjeldande regionale planar og temaplanar i dei to tidlegare fylka Hordaland og Sogn & Fjordane, sjå punkt 1.5.2 i høyringsframlegget.

Høyringsfristen er sett slik at formannskapet gjev politisk fråsegn på vegne av Bømlo kommune.

Bakgrunn for saka:

Vestland fylkeskommune har varsla oppstart for arbeidet med regional plan for areal og mobilitet.

Fylkesutvalet sendte ut planprogram for denne regionale planen i sitt møte 21.08.25, og høyringsfrist er sett til 10.10.2025.

Parallelt har Vestland fylke starta opp arbeid med regional plan for verdiskaping og kompetanse.

Høyringsframlegg til planprogram for denne planen blei og sendt ut i same møte, og fylket oppmodar om å sjå desse planane i samanheng.

I vedtaket oppmodar dei kommunane til å kome med politiske høyringsfråsegner.

Saksutgreiing:

Ny regional plan for areal og mobilitet skal mellom anna gje rammer og retning for utvikling av utbyggingsmønster og senterstruktur som er samordna med infrastruktur for mobilitet, energi og tenester, utarbeide differensierte retningslinjer for arealbruk som sikrar utvikling i heile fylket og vurdere behovet for regionale planføresegner.

Dagens retningslinjer for arealbruk ligg spreidde i fleire regionale planar som delvis er overlappende, motstridande eller utdaterte. Den nye planen for areal og mobilitet skal derfor gi samla og oppdaterte føringar for den fysiske utviklinga i Vestland.

Planprogrammet synar til ei rekkje tema og kartleggingar som skal bli vurdert undervegs i prosessen, som er skildra i kapittel 2. I denne saka er det i hovudsak planprosessen, ikkje det politiske innhaldet, som ein ber om fråsegn til.

Vurderingar:

Det er etter kommunedirektøren si meining positivt at fylkeskommunen vil slå saman fleire planar. For ein kommune er det krevjande å skulle forhalda seg til mange ulike planar med handlingsdelar, som blir reviderte på ulike tidspunkt. Å samle fleire slike planar kjem til å ta tid, særleg om politisk forankring er viktig, samt at ein ny, samla plan kan bli fyldig. Kommunedirektøren ser at tidsbruken i framlegg til tidsplan

kan vere optimistisk, til dømes med tanke på at Bømlo kommunestyre ikkje har møte september 2026, når høyringsfristen ser ut til å bli sett.

Ein ny plan bør heller ikkje vere for fyldig, med tanke på at mykje informasjon og faktaopplysningar som dagens regionale planar inneheld, heller kan liggje i reine kunnskapsgrunnlag, mens ein plan bør fokusere på politiske føringar, strategiar og handlingsdelar.

Fylkeskommunen har etter plan- og bygningslova mogelegheit til å sette bindande føresegn i regionale planar, noko gjeldande «Regional plan for attraktive senter 2015 – 2025» har for arealbruk.

Kommunedirektøren vil peike på at der ein legg fram føresegn må desse ha god forankring i kommunane.

Vidare er det ikkje sikkert at omfanget av retningslinjer treng vere så omfattande som det kan sjå ut som i planprogrammet. Gode rettleiarar, med illustrasjonsdømer, kart og tilsvarande kan vere vel så anvendeleg.

Sjølv om det er mange plantema som skal bli vurdert, legg kommunedirektøren til grunn at ikkje alle tema eller kartleggingar blir med vidare. Då kan det sjå ut som ein svært positivt framdriftsplan. Det er i alle høve viktig at kommunane blir heldt orienterte om kva tema og kartleggingar som ein ønskjer å gå vidare med.

Kommunedirektøren er positivt til at fylkeskommunen opparbeider seg kompetanse på ei rekkje tema som kvar einskild kommune ikkje har kapasitet til å skaffe seg sjølv. Kommunedirektøren forventar at ein i ettertid kan bruke denne kompetansen og at fylkeskommunen har tid og kapasitet til å bistå og rettleie kommunane i ettertid. «Å stimulere til», bør og kunne bety midlar til tilskot eller med-finansiering i påfølgjande handlingsdelar der det måtte vere nødvendig for at kommunane skal kunne følgje opp.

Kommunedirektøren synar elles til framlegg til fråsegn, og anbefal formannskapet å vedta desse på vegne av Bømlo kommune.

FN sine berekraftsmål:



Økonomiske konsekvensar:

Ingen direkte

Miljømessige konsekvensar:

Ingen direkte, den endeleg regionale planen vil få føringar for natur, miljø og klima

Beredskap og samfunnstryggleik:

Ingen direkte, den endeleg regionale planen vil omhandle beredskap

Folkehelse:

Ingen direkte, den endeleg regionale planen vil få føringar som gjeld folkehelse

Referansar:

-

Vedlegg til saka:

- Høyringsframlegg «Planprogram - regional plan for areal og mobilitet» (lenke til Framsiktversjon):
<https://apppublishframsikt-staging.azurewebsites.net/plan/vestlandfk/82b78c28-c0f3-45ae-a580-4222ba23b44d/plan-685a0c62-2714-4607-b783-aae3271eb0d0-46453/#/>